

DØLEN •• November 1896

Til husakommiteen.

Etter som det lydde - fraa dei, som er med i byggjekommiteen for dette huset vort - i stovene hans Johs. Høvik sist sundag, er nok meiningi den aa byggja i vetter. Paa pratet kunde eg høyra, dei var kje sikre paa, um dei kom til aa leggja hellelak elder nevertak, daa kassan diverre ikkje inneheld meir enn han godt kunde gjøyma. Det vil eg ikkje hefta meg ved daa eg ikkje hev kjendskap til den ting.

Men so var der og snakk um ein kjeldar og eit galeri. Eg er einig med han, som meinte at det burde setjast upp med det same. Elder iminsto maatte huset byggjast slik, at det ikkje vart umogelegt aa byggja galeri til sidan. Men korfor ikkje ta det med trakst ? I eit so høgt og rummelegt hus som dette kjem det til aa verte reint uskapelegt styggt, at der ikkje er eitkvart til galeri. Tak det berre med det same, so slepp me tenkja paa halvgjort arbeid.

Og so ein kjelder! Det meiner eg det absolut maatte vera. De skal faa sjaa, me vil koma i beit ellest ofte, naar det skal oppførast skodespel og slikt noko. Det fyrekjem i sume spelstykkje, at ein av personane skal manast ned i jordi – daa maatte luka helst vera rund — og i andre, at mannen maa ned i kjeldaren ettet øl, elder ei gjenta er i knipa paa ei slags vis og ikkje hev andre utveggar til gjøyma seg enn kjeldaren o.s.b. Slike spelstykkje kan kje spelast fullstendigt utan eit hol i og det same nedunder.

Berre desse grundar maatte vera nokk til krevja ein kjeldar, eit lite hol paa ein 2-3 m³. Og so kunde det kanskje treffa, me fekk lidt joladrikka aa gjøyma der med. Eg meiner ikkje øl elder noko slik vare - eg er totalist eg - men eitkvart slags vin elder saft - slikt so me lagar oss sjølve.

Tenk paa dette komite, de vil visst ikkje kosta so mykje. Men kor var det, skal det ikkje vera noko til kjøk ogso ? Elder skal me radt heim paa garden - i all slags ver og vind - og koka festmaten vor ? Elder skal me aldri bruka varm mat i slike høve no meir ? Ja tak det ikke ille upp, godtfolk, eg meiner alt til det beite. Og de det same, trur eg.

Det er betre vera fyre var enn etter snar, veit du .

Men daa me hava alt for auga fraa fyrst av. Det vilde vera alder best um kjeldar og kjøk var i eito. Men det vilde vel verta altfor mykje arbeid paa tufti daa.

Kva meiner publikum om desse kjøk - kjeldar - galerigreierne ?

Ein hevik gut.